

TUSSA ENERGI AS
Langemyra 6
6160 HOVDEBYGDA

Vår dato: 13.06.2025

Vår ref.: 202503336-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE vurderer opprusting og utviding av Tussa kraftverk i Volda kommune, Møre og Romsdal fylke som ikkje konsesjonspliktig

NVE vurderer at bygging av Nye Tussa kraftverk ikkje vil føre til nye ulemper eller skadar for allmenne interesser av eit slikt omfang at det er konsesjonspliktig etter vassdragsreguleringsloven § 3. NVE vil følgje opp planlegging, bygging og drift av anlegget med heimel i vilkår gitt ved kronprinsregentens resolusjon av 1957.

Bakgrunn

NVE har fått ein førespurnad frå Tussa Energi AS (Tussa Energi), datert 29.01.2025, om vurdering av konsesjonsplikt for å byggje Nye Tussa kraftverk. Dagens kraftverk er over 60 år gammalt og står overfor omfattande vedlikehaldsarbeid i tida framover. Tussa Energi ønskjer difor å oppgradera eksisterande Tussa kraftverk ved å bygge eit nytt kraftverk (Nye Tussa kraftverk) med auka installert effekt og slukeevne. NVE skal avgjere om utbygginga fører til skadar eller ulemper for allmenne interesser i ei slik grad at tiltaket må ha ein eigen konsesjon etter vassdragsreguleringsloven § 3.

Eksisterande anlegg og konsesjonsforhold

Tussa kraftverk har ein maksimal brutto fallhøgde på 646 meter, ein installert effekt på 56 MW og ein årleg produksjon på om lag 267 GWh. Kraftverket vart sat i drift i 1961 og har sida vore modernisert fleire gongar. Tussa kraftverk nyttar reguleringsmagasinet Tyssevatnet med 45 meter reguleringshøgde. Det er ikkje krav om slepp av minstevassføring frå magasinet.


Tussa Energi driftar kraftverket med utgangspunkt i følgjande konsesjonar:

- Erverv av bruksrett til å regulere Tussavassdraget i Hjørundfjord Herred (gitt ved kronprinsregentens resolusjon 28. juni 1957)
- Overføring av Blåvatn, Hjortedalsvassdraget, Skipedalselv og Laudalselv til Tussevatn og regulering av Skipedalselvsvatn (gitt ved kongeleg resolusjon 29. juni 1962)
- Ytterlegare regulering av Tussevatn (gitt ved kongeleg resolusjon 1. oktober 1965)
- Endring i vilkåra for bruksrett- og reguleringskonsesjonane i Tussavassdraget (gitt ved kongeleg resolusjon av 20. november 1970)
- Overføring av Kårdøla til Tussevatn for å utnyttast i Tussa kraftverk (gitt ved kongeleg resolusjon 25. juni 1982)



Tiltaket

Grunna behov for omfattande rehabilitering ønskjer Tussa Energi å erstatte eksisterande Tussa kraftverk. Prosjektet inneber at Tussa Energi vil byggje ny kraftstasjon, nye vassstunnelar og ny maskinsal. Den nye vassvegen er planlagd som ein 1800 meter lang tunnel parallelt med eksisterande vassveg (figur 1). Det skal etablerast nytt inntak i Tyssevatnet og nytt utløp i fjorden. Tussa planlegg å nytte eksisterande vegnett i fjellet, i tillegg til å leggje delar av vegen i tunnell.



Figur 1: Nye Tussa kraftverk med magasinet Tyssevatnet. Eksisterande vassveg er markert i lys blå, og planlagd ny vassveg er markert i mørk blå. (Henta frå Tussa Energi sin førespurnad om konsesjonspliktvrdering).

Dagens kraftverk køyrer på jamn effekt frå hausten til våren, med vatn som vart samla opp frå snøsmelting i vintersesongen og regn i sommarsesongen. Sidan dette ikkje fell godt saman med dagens kraftmarknad, ønskjer Tussa å oppgradera anlegget til eit effektkraftverk som kan levere høg effekt på kort tid. Etablering av Nye Tussa kraftverk vil auke installert effekt frå dagens 56 MW til 150 MW (tabell 1). Det er planlagd å halde eksisterande kraftverk i drift inntil vidare. Inntil det gamle anlegget blir tatt ut av drift vil total effekt være 216 MW.

Tabell 1: Tekniske data for dagens kraftverk og planlagt tiltak.

	Tussa kraftverk	Nye Tussa kraftverk
Installert effekt (MW)	64	150
Maksimal slukeevne (m ³ /s)	11	26
Årleg produksjon (GWh/år)	267	275



Fyllingsdammen og overløpsdammen ved Tyssevatnet har fleire avvik frå damsikkerhetsforskriften og må oppgraderast innan 2030. Tussa Energi ønskjer å gjennomføre arbeidet med dammen samstundes med Nye Tussa kraftverk. Då slepp dei å rigge opp og ned to gongar, og kan fordele riggfasilitetane mellom dei to prosjekta.

Høyring

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Planen vart send på avgrensa høyring til Volda kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal med høyringsfrist 02.05.2025. I tillegg fekk DNT Sunnmøre, Naturvernforbundet i Ørsta og Volda, Bjørke Idrettslag, Skjåstaddalen Ungdomslag, Bjørke Grendalag og Austefjord og Bjørke Bondelag saka på høyring, sidan Tussa Energi har hatt eit orienteringsmøte med organisasjonane for å informere om planane og kartleggje brukarinteresser og allmenne interesser. Fullstendige fråsegner er tilgjengelege via offentleg postjournal og på NVE si nettside: www.nve.no/9588/V. NVE har motteke følgjande fråsegner:

Volda kommune uttalar følgjande i brev til NVE den 14.05.2025:

(...) Ut frå kommunen si faglege vurdering er utbyggingsplanane til Tussa Energi mindre omfattande og kan gjennomførast innanfor gjeldande konsesjon utan krav om ny konsesjon.

Utbyggingsområdet vart grensejustert frå Ørsta kommune til Volda kommune i 2020. I forhold til arealplan er det Ørsta kommune sin kommuneplan (arealdel) som gjeld. Denne planen er sist godkjent 16.12.91.

Heile utbyggingsområdet er innanfor LNF, sone C med tilhøyrande planbestemmelser:

«Innafor desse områda kan det berre gjevast løyve til bygging og frådeling i samband med tradisjonell stadbunden næring som har direkte tilknytning til landbruket. Oppføring av fritidshus kan tillatast men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormyndene ikkje har merknader. Nokre av dei registrerte viltområda i høve viltregisteret til fylkeskommunen ligg i denne sona. Det vert synt til temakart nr 8.»

Denne planen er av eldre dato og er ikkje revidert i takt med samfunnsutviklinga og krava til rullering etter plan- og bygningslova. I planstrategien til Volda kommune er det vedteke å revidere kommuneplanen sin arealdel for heile kommunen, slik at vi også får med Bjørke og Hornindal i ein samla plan. Planoppstart vil vere i 2026. NVE bør vurdere om dispensasjon frå Ørsta kommune sin kommuneplan frå 1991 er tilstrekkeleg, eller om det bør utarbeidast ein reguleringsplan for utbyggingsområdet. Fagleg sett vert det vurdert at det bør utarbeidast reguleringsplan. I ein slik planprosess vil også relevante tema som NVE tek opp i høyringa også verte utgreidd og vurdert. Dersom utbygginga kjem inn under NVE sitt eige planregime, føreset kommunen at NVE sjølv vurderer desse forholda, også om det skal utarbeidast eigen reguleringsplan.

Ved ei kutyme vart svarfristen frå NVE oversett, og vi ber om at NVE tek omsyn til kommunen sin uttale. Høyringsuttalen er sendt både som brev og e-post.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal uttalar følgjande i brev til NVE den 02.05.2025:

(...) Effektoppgradering inneber betre utnytting av vassressursane for å produsere straum. Slukeevne vil vere større enn på dagens kraftverk. Betre slukeevne kan påverke vassdraget ved at mindre vatn går som overløp til den om lag 4,5 km lange elva Tussa.



Tussa energi skriv at det er i dag svært lite overløp over Dam Tyssevatn. Overløp skjer vanlegvis ein gang kvart 3. eller 4. år. Endringa vil derfor vere liten for Tusseelva slik vi ser det.

Statsforvaltaren minner om at Tusseelva er ein anadrom elv på litt over 1600 m opp til nedre del av Tyssefossen. Elva har eit nedbørsfelt på 32 km², og naturleg middelsvassføring på 3,3 m³/s. Samla er 82 % av nedbørsfeltet før til Tussa kraftverk, som har utløp aust for Tusseelva. Det er ikkje krav til minstevassføring i elva og elva er sett å vere ein sterkt modifisert vassførekomst jf. Vassforskrifta.

Elvas miljømål er godt økologisk potensial, men er i dag i moderat miljøtilstand ([Vann-nett Tyssa](#)). Produksjonspotensiale av fisk er sannsynlegvis redusert grunna sterkt redusert vassføring og det anbefalast å greie ut om moglegheitene for slipp av minstevassføring for å auke vassdekt areal i dei tørraste periodane i året.

For å nå miljømålet i elva må nye tiltak settast i gang. NORCE LFI har kartlagt sjøaurevassdrag i Volda i 2021 og har ei detaljert framstilling av elva Tussa i rapporten ([Rapport Tussa s. 105 – 109](#)). Aktuelle tiltak er drøfta.

Møre og Romsdal fylkeskommune uttaler følgjande i brev til NVE den 02.05.2025:

Automatisk freda kulturminne

(...) Det er ikkje tidlegare registrert kulturminne som ligg direkte i konflikt med dei planlagde tiltaka. Størsteparten av tiltaka er også i område der det truleg ikkje er stort potensial for arkeologiske funn. Likevel er det gjort funn i nærområde, og enkelte delar av planområdet kan ha potensial, spesielt området ved Tyssemyrane/Flotane. Vi ønsker derfor å gjere ei synfaring på området for å vurdere behovet for å gjere ei arkeologisk registrering her. Også ved Lessingane og på Åkre er det gjort funn tidlegare. Synfaringa vil gi eit betre grunnlag til å vurdere kva område som er naudsynt å registrere for fornminne. Vi vil kome tilbake med endeleg tilbakemelding på dette når synfaringa er utført. Dersom ein ønsker å ta del på synfaringa, ved å stille med representantar for prosjektet, kan ein ta kontakt med sakshandsamar for nærmare avtale.

Oppsummering automatisk freda kulturminne

Vi ønsker å gjere ei synfaring på området for å vurdere behovet for å gjere ei arkeologisk registrering.

Vassforvaltning

Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomst i kyst, vatn og vassdrag, der hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging. Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. § 8-2 og vassforskrifta § 29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

Tusseelva og anadrom fisk

Tiltaket vil truleg ikkje medføre noko endring i vassføringa, men den er allereie sterkt redusert i elva. Tiltaket vil gå inn vassførekomst 097-120-R Tyssa (Tussa, Tyssaelva,



Tusseelva) nedstrøms inntak Tussa kraftverk, som er ein sterkt modifisert vassførekomst (SMVF) og i moderat økologisk potensial (MØP). Det er ikkje foreslått tiltak. Reguleringa har stor påverknad på sjøaurebestanden i elva og bestanden er vurdert som svært dårleg, i følgje Temarapport frå Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 9, Klassifisering av tilstanden til sjøørret i 1279 vassdrag.

I konsesjonspliktavurderinga er tilhøva for fisk lite vurderte. Dokument viser til Lakseregisteret, der Tysseelva (vassdragsnummer: 097.3Z) er vist som lakseførande frå fjorden og 300 m oppover. Dette er ein feil i Lakseregisteret. Ny oppdatert kunnskap på anadrom strekning finn vi i mellom anna i GIS-link. I NORCEs rapport Kartlegging av sjøørretvassdrag i Volda i 2021. NORCE LFI Rapport nr. 457 er elva vurdert. Her er anadrom strekning vurdert til litt over 1600 m som er betydeleg lengre enn oppgitt i Lakseregisteret. Redusert vassføring er vurdert til å ha den sterkaste negative effekten på fiskeproduksjonen i følgje rapporten, som også viser til at det kan ha gått laks i vassdraget tidlegare. Rapporten rår til å utgreie moglegheiter for slepp av minstevassføring for å auke vassdekt areal i dei tørraste periodane av året.

Miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar skal fastsettast individuelt basert på samfunnsmessige fordelar og ulemper (kost/nytte) og på realistiske tiltak, dvs. positiv kost/nytte. Effekten som reguleringa, inkludert redusert vassføring, har på økologien i vassdraget er ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget. Effekten av ei eventuell minstevassføring på økologien må utgreiast, kombinert med habitattiltak og miljødesign. Det er viktig at oppdatert kunnskap nyttast.

Det anadrome vassdraget har stor verdi, og langt større enn det kunnskapsgrunnlaget frå Lakseregisteret tilseier. Anadrom strekning er 5 gonger så langt som oppgitt i Lakseregisteret. Sjølv om tiltaket ikkje medfører endringar i dagens situasjon, er målet å forbetre miljøtilstanden i vassdraga våre, spesielt der dei miljømessige verdiane ikkje har kome godt fram i tidlegare kunnskapsgrunnlag. Løysingar for minstevassføring bør derfor utgreiast, då denne strekninga kan ha stor betyding for fiskeproduksjon i vassdraget. Heile den anadrome strekninga er nedstrøms nytt kraftverk. Effekten av ei eventuell minstevassføring på økologien må utgreiast. Her bør fleire sleppscenario kombinert med habitattiltak og miljødesign vurderast. Kostnadane tiltaket utgjer, om det kan gjennomførast økonomisk og teknisk, og om det går ut over den samfunnsnyttige bruken, må vidare inngå i vurderingsgrunnlaget.

Vatn

Tiltaket vil også påverke vassførekomst 097-1953-L, Tyssavatn. Vatnet er kategorisert som SMVF og er i godt økologisk potensial (GØP). Tussa set ut fiskeyngel (1000 stk) i Tyssevatnet i følgje krav frå gjeldande konsesjon. Tiltaket vil kunne føre til at svingingane i vasstand i periodar verte større enn tidlegare. Sjølv om endringane ikkje er store, vil støre endringar i vasstand kunne påverke miljøet i vatnet, både for botndyr og fisk og kunnskapsgrunnlaget bør betrast.

Oppsummering vassforvaltning:

- Det anadrome vassdraget har stor verdi, og langt større enn det kunnskapsgrunnlaget frå Lakseregisteret tilseier (1600 m vs. 300 m).
- At tiltaket ikkje vil gjere tilstanden verre i elv er ikkje eit argument for å ikkje vurdere miljøforbetrande tiltak.



- Effekten av ei eventuell minstevassføring med fleire sleppscenario kombinert med habitattiltak og miljødesign bør utgreiast.
- Kostnadane tiltaket utgjer, om det kan gjennomførast økonomisk og teknisk, og om det går ut over den samfunnsnyttige bruken, må vidare inngå i vurderingsgrunnlaget.
- Kunnskapsgrunnlaget i vatn er etter vår vurdering ikkje godt nok og bør forbeistrast.
- Etter vår vurdering er interessene som blir omfatta såpass store at det fell innfor konsesjonsplikt etter vassdragsreguleringslova

Tussa Energi AS kommenterte fråsegnene i e-post til NVE den 26.05.2025:

(...) Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:

Tussa noterer seg innspel om vurderingar kring minstevassføring. Sidan tiltaket i liten eller ingen grad påverka vassføringa i Tusseelva meiner vi det ikkje er naturleg å vurdere slepp av minstevassføring som ein del ei konsesjonspliktvrdering av effektoppgraderingsprosjektet.

Møre og Romsdal fylkeskommune:

Tussa tek seg til vitande at Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomføra synfaring med hensikt å gjere arkeologisk registrering.

Tussa noterer seg innspel om vurderingar kring minstevassføring. Sidan tiltaket i liten eller ingen grad påverka vassføringa i Tusseelva meiner vi det ikkje er naturleg å vurdere slepp av minstevassføring som ein del av ei konsesjonspliktvrdering.

Magasinfyltingsmønsteret over året vil vere om lag det same som i dag. Den største skilnaden for fisk og botndyr vil vere hurtigare endringar i vasstanden over korte tidsintervall. Tyssevatnet er likevel eit forholdsvis stort magasin, så endringane vil ikkje vere så raske at det t.d. gir stranding av fisk. Sjå Figur 3-3 i Melding om konsesjonspliktvrdering.

I konsesjonen er det opning for å pålegge konsesjonær fiskebiologiske undersøkingar. Ein konsesjonsprosess vil difor ikkje vere naudsynt for å få slike undersøkinga utført.

Volda kommune:

Tussa gjer merksam på at det ikkje er krav til reguleringsplan for tiltak med konsesjon etter vassdragsreguleringslova, men at det vil bli utarbeidd ein detaljplan for miljø og landskap som skal godkjennast av NVE før byggstart. Ved behov vil Tussa søke som dispensasjon frå kommuneplanens arealdel.

NVE si vurdering

I ei konsesjonspliktvrdering skal NVE vurdere om tiltaket kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser i vassdraget. NVE skal i dette tilfellet vurdere om dei nye verknadene ved Nye Tussa kraftverk vil føre til konsesjonsplikt. Vi skal berre vurdere om tiltaket vil ha nye negative verknader. I hovudsak vurderer vi berre verknader i sjølve vasstrengen.

NVE registrerer at fylkeskommunen har kommentarar knytte til kulturminne. Dette er eit tema som normalt fell utanfor vurderinga av om eit tiltak treng konsesjon etter vassdragslovgivinga. NVE vil presisere av sjølv om eit tiltak ikkje er konsesjonspliktig etter vassdragsreguleringsloven, vil det framleis vere omfatta av krav i andre lovverk (til dømes naturmangfoldloven eller kulturminneloven). I førespurnaden om konsesjonspliktvrdering har Tussa Energi gjort greie for



tiltaket sin påverknad på kulturminne og kulturmiljø. De forklarer at undersøkingsplikta etter kulturminneloven § 9 vil bli oppfylt som ein del av arbeidet med konsekvensutgreinga, og eventuelle funn vil bli lagt til grunn for endeleg plassering av kraftverket sine ulike bygg og anlegg. NVE vurderer at Tussa Energi vil handtera forholdet til kulturminne i detaljplanlegginga.

Kunnskapsgrunnlag

Kunnskapsgrunnlaget i saka består i hovudsak av forholda som Tussa Energi har beskrive i førespurnaden om konsesjonspliktavurdering, høyringsfråsegner, konsesjonæren sine kommentarar til høyringsfråsegner og NVE sine egne erfaringar. Saman med førespurnaden sende Tussa Energi vegetasjonskartlegging og skredfarevurdering av området. NORCE-rapport «Kartlegging av sjørretvassdrag i Volda 2021» gir oversikt over status for laks og sjøaure på Sunnmøre og dei viktigaste årsakene til negativ bestandsutvikling. Tyssa er eit av vassdraga som ble undersøkt i prosjektet. NVE har også gjort egne søk i Artskart og Naturbase den 14.05.2025.

Møre og Romsdal fylkeskommune meiner kunnskapsgrunnlaget bør forbeholdast. Sidan den anadrome strekninga er nedstrøms nytt kraftverk, meiner fylkeskommunen at forholda på strekningen må utgreiast. NVE oppfattar at fylkeskommunens kommentarar gjeld elva Tyssa nedstrøms Tyssevatnet. Det planlagde tiltaket fører ikkje til endringar frå dagens situasjon på strekninga. Vi meiner difor at desse forholda ikkje er relevant for vår vurdering av konsesjonsplikt av tiltaket, og at kunnskapsgrunnlaget difor er tilstrekkeleg. Fylkeskommunen påpeker vidare at tiltaket vil føre til større svingingar i vasstand enn tidlegare. Sjølv om endringane ikkje er store, vil endringa kunne påverke botndyr og fisk i vatnet. De meiner difor at kunnskapsgrunnlaget i Tyssevatnet bør forbeholdast. NVE meiner at eventuelle nye konsekvensar for fisk i Tyssevatnet kan fangast opp med heimlar innanfor dagens konsesjon. Vi peikar spesielt på eksisterande konsesjonsvilkår for Tussa kraftverk og heimelen som gjer myndigheitene moglegheit til å påleggje konsesjonæren undersøkingar for fisk i dei områda som blir ramma av utbygginga.

Saman med høyringsfråsegner, kjend kunnskap og vår eiga erfaring meiner vi kunnskapsgrunnlaget om verknadene av tiltaket er tilfredsstillande, med omsyn til omfanget og risikoen av tiltaket for skade, jamfør naturmangfoldloven § 8. NVE meiner difor at føre-var-prinsippet i naturmangfoldloven § 9 ikkje er relevant i denne saka.


Hydrologiske verknader

Ifølgje søkjar vil ikkje det nye kraftverket gi endringar i vassføringar i elvestrengar eller endring av høgaste og lågaste regulerte vasstand i Tyssevatnet. Det sleppes ikkje minstevassføring frå magasinet. Det er svært sjeldan overløp over dammen, noko som vanlegvis skjer ein gong kvart tredje til fjerde år. Einaste vassføring nedstrøms Tyssevatn kjem derfor frå restfeltet. Slukeevna i Nye Tussa kraftverk vil vere større enn i dagens kraftverk. Tussa Energi sine teoretiske utrekningar viser at det ikkje vil være overløp etter effektoppgraderinga. Tiltaket vil difor ikkje medføre noko nemneverdig endring i vassføringa i den om lag 4,5 kilometer lange elva Tyssa mellom Tyssevatnet og fjorden.


I dag vert Tyssevatnet vanlegvis tappa jamt ned frå november til mai, og deretter vert magasinet fylt fram til november. Tussa Energi ventar at magasininfyllinga i Tyssevatnet vil følgje om lag det same mønsteret etter effektoppgraderinga. Samstundes gir oppgraderinga større fleksibilitet i manøvreringa, og overgang frå dagens jamne køyring til effektkøyring vil påverka magasininfyllinga (figur 2). Tussa Energi forklarer at svingingane i vasstanden vert større enn tidlegare. Til dømes kan magasinet bli liggjande høgare ein større del av året enn ved dagens situasjon, og ved høge prisar kan det bli tappa raskare ned til lågare nivå enn tidlegare. Figur 3 illustrerer at det nye kraftverket



står stille eller har låg produksjon i periodar med lågare timepris, og Tyssevatnet vert fylt opp att innan kort tid.



Figur 2: Berekna vasstandvariasjonar før og etter effektoppgraderinga, berekna for år 2022. (Henta frå Tussa Energi sin førespurnad om konsesjonspliktvrdering)




Figur 3: Korttidsvariasjonar i vasstanden i Tyssevatnet før og etter oppgradering, berekna for år 2022. (Henta frå Tussa Energi sin førespurnad om konsesjonspliktvrdering)

Det er ikkje krav til minstevassføring frå Tyssevatnet, så slepp av vatn frå magasinet skjer derfor berre ved overløp. Nye Tussa kraftverk er planlagd med større slukeevne og effekt enn dagens kraftverk. Det betyr at kraftverket vil utnytte større vassmengder. Sidan dammen normalt ikkje har flaumtap i dag, vurderer NVE at tilhøva i elva Tyssa likevel ikkje vil bli nemneverdig endra frå dagens tilstand. Effektkøyring kan føre til at vasstanden nedanfor eit kraftverksutløp går hurtig opp og ned. Utløpet til Tussa kraftverk er i fjorden, og dermed vil det ikkje bli endringar i vassføring eller vassstemperatur i Tyssaelva på grunn av effekregulering.

Naturmangfald



Norconsult har kartlagt naturtyper i dei tre delområda der det vil vere anleggsarbeid i samband med bygging av den nye kraftstasjonen. Figur 4 viser delområda markert med stipla blå linje. I delområde 1 «Flotane» er det registrert ei «flomskogsmark» (sårbar - VU) ved Flotanebekken langs med Tyssaelva. I delområde 3 «Tussadammen» er det registrert ein «Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra» (nær trua - NT). Ifølj Tussa Energi vil områda bli teke omsyn til ved planlegging og gjennomføring av anleggsarbeid.



Figur 4: Verdsatte naturtyper i tiltaksområdet. De kartlagde delområda «Flotane», «Tussadamveien» og «Tussadammen» er markert med blå stipla linje (Naturbase).

Tussa Energi planlegg å etablere en ny tunell og ny bilveg like ved den kartlagde lokaliteten med flomskogsmark. Naturtypen omfattar skogsmark i flaumsona, der marka forstyrrast kvar gong elva når sine flaumtoppar. Sidan tiltaket ikkje vil påverka flaumar frå Tyssaelva til arealet, meiner NVE at lokaliteten ikkje blir ramma av auka effekt i Tussa kraftverk. Vi ser likevel at arealet kan bli råka av maskiner i anleggsperioden. Naturtypen «Kalkfattig og intermediær fjellhei, leside og tundra» er ikkje tilknytt vassdrag, og NVE meiner difor at lokaliteten ikkje vil bli påverka av hydrologiske endringar. Tussa Energi planlegg å lage ny veg i delområde 3. De fortel at naturtypen blir teke omsyn til val av trasé og vidare forvaltning av arealet. NVE legger til grunn at Tussa Energi tar omsyn til de trua naturtypene under anleggsarbeid, slik de oppgjev i førespurnaden om konsesjonspliktavurdering.

Tyssa har ein anadrom strekning på litt over 1600 meter opp til nedre del av Tyssefossen¹. Ifølj Møre og Romsdal fylkeskommune må løysningar for minstevassføring i Tyssa utgreiast fordi strekninga kan ha stor betydning for fiskeproduksjon i vassdraget. NORCE-rapporten «Kartlegging av sjørretvassdrag i Volda i 2021» oppgjev redusert vassføring i Tyssa som den viktigaste negative

¹ Hanssen, E.M. & Kambestad, M. (2022). Kartlegging av sjørretvassdrag i Volda i 2021. NORCE LFI Rapport nr. 457



effekten på fiskeproduksjonen. Tiltaket vil ikkje føre til endra forhold på den anadrome strekninga. NVE meiner difor at fylkeskommunen sitt krav om å utgreie effekten av minstevassføring på strekninga fell utafor kva som kan vurderast i ei konsesjonspliktavurdering. Eit krav om minstevassføring vil kunne være eit høve i ein eventuell vilkårsrevisjon. NVE har ikkje motteke eit krav om dette for konsesjonane i Tyssavassdraget.

Tussa Energi set ut fiskeyngel i Tyssevatnet som følgje av krav frå gjeldande konsesjon. Dette bidreg til å oppretthalde fiskebestanden i vatnet. Auka effekt i Tussa kraftverk gjer det mogleg å konsentrere produksjonen rundt færre timar i løpet av eit år, noko som vil innebære eit endra køyremønster i forhold til i dag. Det endra køyremønsteret vil føre til at svingingane i vasstanden i Tyssevatnet vert større enn tidlegare. Fylkeskommunen meiner endringane kan føre til endra tilhøve for botndyr og fisk. Tussa Energi ventar ikkje at det nye kraftverket vil medføre vesentlege endringar i forholda for fisk samanlikna med i dag. Den største skilnaden for fisk og botndyr vil vere hurtigare endringar i vasstanden over korte tidsintervall. Sidan Tyssevatnet er eit forholdsvis stort magasin, meiner Tussa Energi at endringane ikkje vil vere så raske at det gir stranding av fisk. Simuleringane som illustrerer vasstandvariasjonar før og etter effektoppgraderinga viser at effektkøyringa vil føre til mindre endringar i magasinbruk og -fylling samanlikna med i dag. Dei moglege vasstandsendingane som Tussa Energi oppgjer, synest etter NVE si mening å vera for små til at forholda for fisk skal bli vesentleg dårlegare enn dei er i dag. Vi viser igjen til at konsesjonen gjer det mogleg for myndigheitene å pålegge konsesjonær å gjennomføre fiskebiologiske undersøkingar. NVE meiner ikkje det er naudsynt med ei konsesjonsbehandling av tiltaket for at undersøkingar blir utført.

Naturmangfoldloven

Vi meiner at våre vurderingar er i tråd med prinsippa i naturmangfoldloven, jf. §§ 8 - 12. Tiltaket er etter vårt syn ikkje i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. §§ 4 og 5.

Vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Tiltaket vil råke vassførekomstane Tyssavatn (097-1953-L) og Tyssa (Tussa, Tyssaelva, Tusseelva) nedstrøms inntak Tussa kraftverk (097-120-R). Vassførekomst Tyssevatn er sterkt modifisert, og har i dag godt økologisk potensial. Dei viktigaste påverkingane i vassførekomsten er dammar, barrierar og sluser for vasskraftproduksjon og påverknadsgraden er stor. Miljømålet GØP skal nåast i 2027. Det er ikkje foreslått tiltak. Vassførekomst Tyssa er sterkt modifisert, og har i dag moderat økologisk potensial. Reguleringa utan minstevassføring har stor påverknad på sjøarebestanden i elva og bestanden er vurdert som svært dårleg. Miljømålet GØP skal nåast i 2027/2033. Det er ikkje foreslått tiltak.

Etter vår vurdering vil ikkje utbygging av Nye Tussa kraftverk endre økologisk potensial i vassførekomstane. Det er dermed ikkje relevant med ei vurdering etter vassforskrifta § 12.

NVE sin konklusjon

Samla sett vurderer vi at den planlagde opprustinga og utvidinga av Tussa kraftverk ikkje vil føre til nye ulemper eller skadar for allmenne interesser av eit slikt omfang at det utløyser behov for konsesjon etter vassdragsreguleringsloven. Vi meiner vilkåra i gjeldande reguleringskonsesjonar i tilstrekkeleg grad gir myndigheitene moglegheit til å påleggje undersøkingar dersom det blir nødvendig.

Opprusting og utviding av Tussa kraftverk er ikkje konsesjonspliktig etter vassdragsreguleringsloven § 3.



Vedtaket er gjort med heimel i vassdragsreguleringsloven § 4 og delegering til NVE frå Energidepartementet av 30. juni 2021.

NVE sin konklusjon føreset at tiltaket blir gjennomført i samsvar med opplysningar i brev datert 29.01.2025. Dersom planane blir endra, må NVE vurdere konsesjonsplikt på nytt.

Dette vedtaket har ei gyldigheit på fem år. Dersom byggjearbeida ikkje har starta før det har gått fem år må saka leggjast fram for NVE for ny vurdering.

Sjølv om tiltaket ikkje er konsesjonspliktig, gjeld dei alminnelege reglane i vassressursloven om vassdrag. NVE viser spesielt til aktsemdsplikta i vannressursloven § 5 som pålegg at vassdragstiltak skal planleggjast og gjennomførast slik at dei er til minst mogleg skade og ulempe for allmenne og private interesser.

Vidare oppfølging

Dette vedtaket gjev ikkje løyve til å byggje.

Det må søkjast om klassifisering av dam og vassvegar etter damsikkerhetsforskriften. Informasjon og skjema for klassifisering med nødvendige tillegg finst på nettsidene våre <https://www.nve.no/energi/tilsyn/damsikkerhet/klassifisering/http://www.nve.no>.

I medhald av vilkåra i gjeldande konsesjon kan NVE følgje opp planlegging, bygging og drift av anlegget. Anleggsarbeid må ikkje setjast i gang før detaljplanen er godkjend av NVE. Tiltakshavar har ansvar for at detaljplanen er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan. Dersom nye område blir tekne i bruk må tiltakshavar vere førebudd på å gi ei konsekvensvurdering av dette, slik at detaljplanane inneheld dei nødvendige opplysningane. NVE si rettleiarar 4/2018 «Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga» og NVE si digitale rettleiar «Detaljplan for vassdragstiltak – Miljø og landskap» er tilgjengelege på <https://www.nve.no/energi/tilsyn/miljoetilsyn-vassdragsanlegg/>.

Søknad om detaljplan sender de til NVE sitt miljøtilsyn.

Kraftverk som vart satt i drift skal meldast inn på skjema som finst på <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/norges-vassdrags--og-energidirektorat-nve/melding-om-idriftsettelse-nye-vannkraftverk-eller-opprustings--og-utvidelsestiltak-i-eksisterende-kraftverk/>. Dette gjeld også opprusting og utviding av eksisterande anlegg.

Tiltakshavar må sjølv avklare forholda til dei private interessene som eventuelt blir råka som følgje av tiltaket. NVE vurderer ikkje dei privatrettslege forholda.

Forholdet til anna lovverk

NVE føreset at krav som følgjer av forurensningsloven blir følgd opp ved bygging av Nye Tussa kraftverk. Dersom det er uavklarte forhold kan tiltakshavar ta det opp direkte med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Dersom nye areal blir tekne i bruk må forholdet til kulturminneloven avklarast med Møre og Romsdal fylkeskommune og eventuelt Sametinget.

Energiloven § 3-1 første ledd seier at «Anlegg for produksjon, omforming, overføring og fordeling av elektrisk energi kan ikkje bygge, eies eller drives uten konsesjon. Det same gjeld ombygging eller utvidelse av bestående anlegg.» Av denne føresegna følgjer det at bygging av Nye Tussa kraftverk er konsesjonspliktig etter energiloven. Søknad om anleggskonsesjon blir send til NVE.



Andre merknadar

NVE har ikkje vurdert om det er ledig nettkapasitet på alle spenningsnivå. Det er tiltakshavars eige ansvar å sørge for nødvendige avklaringar. Vi tilrår at det blir teke kontakt med lokal områdekonsesjonær for slik avklaring.

Har kraftverket ei merkeyting over eller lik 100 kVA, gjer vi merksame på krav om forbruksavgift på elektrisk kraft, sjå rundskriv om dette på www.toll.no. Du kan også få rundskrivet på nærmaste tollstad.

Vedtaket kan klagast på

Vedtaket kan klagast på, sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Håkon Berg Sundet
fagleiar

Malin Solheim Olsen
rådgjevar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

TUSSA ENERGI AS

Kopimottakarliste:

Arild Høydal
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune
STATNETT SF
VOLDA KOMMUNE
LINJA AS



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.